

Den norske kyrkja

Valle og Hylestad sokneråd

Sæbyggjen

4747 Valle

Mobil: 97784706

Epost: post@valle.kyrkja.no

MØTEBOK

Soknerådsmøte tysdag den 21 januar 2020 kl 15:00-17:45 på kyrkjekontoret i Valle.

Tilstades var Liv Bjørgum Ryningen, Gudrun Sagneskar, Kristine Borgen, Ellen Agnethe Nygaard Jansen, Siri Irene Nordbø Melhus, Bente May Bjørgum, Knut Olav Upstad, Anne Kirsten Ringstad og Henrik West (kl 15:00-16:00).

Matsservering kl 15:00-15:25

Åpningsord ved Kristine Borgen

Salmetoner ved Henrik West

Innkalling godkjent.

SR 01-06 behandla kl 15:45-16:20

Kaffipause

FR 01-05 behandla kl 16:40-17:35

SR 07 behandla kl 17:35-17:45

SR 05 avklart på telefon etter møte

SR 01/2020 Møtekalender

Forslag vedteke. For våren 2020 setjast altså soknerådsmøte opp tysdagene den 18. februar, 17. mars, 14. april, 19. mai og 16. juni, alle datoer kl 15:00-18:00, og AU-møtene skjer 14 dager i forkant til alle soknerådsmøtene.

SR 02/2020 Møteplan

Forslag vedteke, med litt lengre tid til matsservering.

SR 03/2020 Framdrift

Forslag vedteke. Innkallinger vil sendast ut og kome på heimesida omtrent to veker før møte, og møtebøker vil sendast ut og kome på heimesida omtrent ei veke etter møte.

SR 04/2020 På kalenderen

Denne kalenderen med arrangement sidan forrige soknerådsmøte og nokre månader framover er teken til orientering.

Kyrkjevert den 2. februar er Siri, og kyrkjevert den 16. februar er Torleif Harstad.

SR 05/2020 Soknemøte

Forslag vedteke med endringer. Dette kallast "Kyrkjelyden sitt årsmøte" og blir sett opp i kyrkjestoga på måndag 23. mars 2020 kl 18:00.

SR 06/2020 Diakoniutval

For året 2020 går Knut Olav Uppstad inn som femte medlem i diakoniutvalet.

SR 07/2020 Offersøknader

Offersøknader teke til orientering.

Den 2. februar i Hylestad og den 16. februar i Valle går ofring til Stefanusalliansen.

Kollekten den 19. januar gjekk til trusopplæring, og den 4 januar til kyrkjemusikalsk arbeid.

På jolaftan og joledag gjekk ofringa til Kirkens Nødhjelp, og den 17. mai 2020 vil ofringa gå til Kirkens bymisjon.

FR 01/2020 Diakonstilling

Dokumenter omkring diakonisamarbeid vart teke til orientering.

Valle og Hylestad sokneråd vil sende Knut Olav Uppstad som medlem og Ellen Agnethe Nygaard Jansen som varamedlem til styret i diakonisamarbeidet i Øvre Otredal.

FR 02/2020 Altarring

Sak teke til orientering, og kyrkjesjef fortset arbeidet.

FR 03/2020 Kulturminneplan

Sak teke til orientering, og kyrkjesjef sender eventuelle innspel.

FR 04/2020 NKFR

Vedtak om at Valle og Hylestad sokneråd knytter seg opp mot NKFR.

FR 05/2020 Kartverket

Sidan innkalling er det kome ein rettelse den 3 januar 2020 på brev frå kartverket den 20 desember 2019, om at det er slik at vilkåra for å rette grunnboka "ikkje" er tilstades.

Setesdølen's utgåve den 21. januar 2020 seier at Kartverket si avgjersla blir anka.

Saksdokumenta blir teke til orientering.

Valle, 27. januar 2020

Knut Olav Uppstad (sign)

leiar